

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 4/2012

Tid: Torsdag 12. april kl. 10:00 – 13:00

Stad: Nordhordland Utviklingselskap IKS, Kvassnesvegen 23, møterom

Til stades:

Ordfører: Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Nils Marton Aadland, Knut Moe

Rådmenn: Øistein Søvik, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Harald Haugejorden (ass. rådmann)

NUI: Rune Heradstveit

Andre / gjester Frøydis Ones, Lindås kommune
Kjetil Schreiner Evjen og Asle Tonstad, Kriminalomsorgen Region Vest

Meldt forfall: Kristin Handeland, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Martin Kulild, Vidar Bråthen, Svein Helge Hofslundsengen, Jan Olav Osen

Det var ingen ikkje merknadar til innkalling og saksliste.

Til starten av møtet møtte to representantar for Kriminalomsorgen Region Vest, Kjetil Schreiner Evjen og Asle Tonstad. Det viste seg at desse var invitert av førre dagleg leiar, men dessverre var dette vorte borte i prosessen med skifte av dagleg leiar. Det vart bestemt at dei skulle få sleppa til med eit kort innlegg i møtet – meir ein introduksjon til temaet, og så vert temaet sett opp på neste møte. Sakslista vert tilført sak 29/12.

Sak 22/12

Knarvik-planen, inkl. orientering frå Frøydis Ones

Frøydis Ones frå Lindås kommune hadde ein fin gjennomgang av planen. Planen vart diskutert og desse punkta vart framheva:

- Når det gjeld kollektiv, er det viktig å sikra gode løysingar som gjer at busser ikkje vert ståande fast i køar, dette gjeld både lokal trafikk og gjennomgåande ekspressruter.
- Det er svært viktig at E 39 i eit kort og langsiktig perspektiv må kunne gå uhindra gjennom den framtidig «Nordhordlandsbyen».
- Det er positivt at Helsehuset som eit nasjonalt satsingsområde er sikra med areal, men det er særdeles viktig at ikkje rekkjefylgjekrav i samband med E39 sinkar prosessen med etablering av Helsehuset.

- Planen er avgrensa til Knarvik sentrum, den gjev dermed avgrensingar. I forhold til eit langsiktig perspektiv er det viktig å sjå eit større område under eitt – slik at ein får best mogleg heilskapleg planlegging for heile regionen i forhold til Knarvik som regionsenter og t.d. at ein sikrar kommunikasjonskorridorar som ikkje forsinkar trafikken / flyten unødige i eit regionsenter / framtidig «Nordhordlandsby»

Vedtak:

Dagleg leiar får i oppgåve og utforma høyringsuttalen i forhold til innspel i møtet.

Sak 23/12

Samarbeid i Bergensalliansen. Innleiing ved Jon og Nils Marton (NTP-uttalen)

Nils Marton gav ei orientering om det som ligg i uttalen frå Bergensalliansen. Region Vest kjem dårlegare ut enn landssnittet elles. E39 er imidlertid det prosjektet som kjem best ut i kost-nytte effekt. 19 kommunar i Bergensalliansen er samla om prioritering. Det er ulike høyringsfrister på NTP og RTP. RTP har høyringsfrist ut juni.

Astrid påpeika at det må vera tid til å handsama dette i kommunestyra. Nils Marton sender utkastet til ordførarane.

Elles vart det påpeika at Bergensalliansen synest å vera ein god start på eit betre samarbeid med Bergen i tida framover.

Sak 24/12

Oppsummering og prioriteringar etter Nordhordlandstinget. Prosess - korleis arbeider me med framlegga

Me kan konkludera med at strategiplanen til rådet står trygt etter Nordhordlandstinget og gruppearbeidet som vart gjort. Det vart ein del diskusjon kring møteform, grad av involvering og frammøteplikt. Ein bør også sjå nærmare på korleis ein inviterer, kven denne er stilla til, og innhald i dette. Gruppeoppgåvene kunne med fordel vore sendt ut i forkant slik at ein kunne førebu seg betre.

Det var einigheit om at det på Nordhordlandstinget må vera møteplikt for formannskapet, medan det på Arena Nordhordland er frivillig deltaking. Ein må vidare få på plass ein møteplan som må sendast til kommunane ved sekretariat / formannskapssekretær slik at kommunane kan avklara kva møter som må prioriterast - og kven som møter m.v. Dette har bl.a. med møtegodtgjersle å gjera. Det vart og påpeika at det vart ein veldig lang dag for mange, at det var tung luft i lokalet og at dette gjerne gjekk utover innsatsen. Ein bør vurderer dagsmøte / tidlegare start i framtida.

Det var einigheit om at programmet var godt, og at vart godt møte. Det var mange samanfallande saker / innspel frå kommunane. Det er fint og viktig for regionen at formannskapa vert samla på denne måten.

Når det gjeld Arena Nordhordland den 30. mai, slit fleire kommunar med møtekollisjonar. Program og invitasjon må ut snarast mogleg.

Oppsummering / forbetningspunkter

- Ein brukar innkalling og ikkje invitasjon til Nordhordlandstinget. Det er møteplikt for formannskapet på lik linje med vanleg formannskapsmøter. Innkallinga må sendast til rette vedkommande i kommunane, i tillegg til ordførarar og rådmann vil dette seia sekretariatet / formannskapssekretær
- Det bør lagast retningslinjer for Nordhordlandstinget / Agenda Nordhordland
- Det må lagast ein møtekalender som gjerne kan vera klar i desember / tidleg år
- Gruppeoppgåvene kunne med fordel vore sendt ut i forkant slik at ein kunne førebu seg betre
- Ein bør vurderer om møtet skal / kan byrja tidlegare på dag.
- Dersom det er lagt opp til oppgåver / gruppeoppgåver i samband med tinget, bør det vurderast om ikkje desse bør sendast ut i forkant.

Vedtak:

Administrasjonen jobbar med forbetringpunkta

Sak 25/12**Planlegging - møte med Fylkesordførar fredag 11. mai om NTP, RTP m.m.**

Dette er eit dialogmøte med fylkeskommunen. Det må førebuast ein presentasjon av Nordhordlandsregionen som legg vekt på stor folkevekst, Nordhordlandspakken – NTP, vidaregåande utdanning, næring, helse m.v. Fylkesopplæringsdirektøren må inviterast då me ynskjer å ta opp skulebruksplan i vidaregåande og kommunane og næringslivet sitt behov for forventningar.

Vedtak:

Dagleg leiar førebur ein presentasjon i tett samarbeid med kommunane, og me ber om at også fylkesopplæringsdirektøren møter.

Sak 26/12**Regionstrategi i høve Statoil Mongstad med bakgrunn i oppslag i media. Kan – og bør me gjera noko regionpolitisk? Innleiing ved Jon**

Mongstad er uhyre viktig for regionen, og det er viktig aktivt å visa dette. Det vart derfor bestemt å leggja regionsrådsmøtet i torsdag 14. juni til Mongstad. Her må det vektleggast sentrale og regionale utfordringar. Møtet må bl.a. innehalda; orientering frå Statoil / leiinga ved raffineriet, omdømmeundersøkinga, moglegheiter, framtid m.v. Reell fakta om situasjonen må koma fram. Pressa bør inviterast.

Vedtak:

Dagleg leiar førebur møtet i tett samarbeid med Jon, Astrid og Per.

Sak 27/12**Statusrapport frå helseutvalet og nærings-/samferdsle- /kulturutvalet**

Det vart gjeve korte orienteringar om status.

Samferdsle / næring: Tema ein jobbar med er:

- NTP som vert tema i utvalet fyrstkommande måndag.
- Næringsområde, har hatt møte med NHIL.
- Kollektiv transport
- RTP – aktiv jobbing i mai med tanke på høyringsfrist i juni. Kari framheva at det er viktig å ta med « Ferjeprosjektet heilt elektrisk» (Valestrand-Breistein) i dette arbeidet.

Kulturutvalet: Har hatt eitt møte, og ein diskuterer no formål og form / samarbeid. Det er møte i neste veke.

Helseutvalet:

Har hatt møte med byrådet 17. april om helsehuset og «øyeblikkeleg hjelp» plassar. Avtalen må opp på rådmannsmøtet neste fredag,

Sak 28/12**Meldingar og eventuelt****▪ Kontingent Kyststamvegen - K-fondsak?**

Det låg føre ein søknad frå Kystvegen Ålesund – Bergen om kontingent. Regionrådet har støtta opp om arbeidet med Kystvegen Ålesund – Bergen sidan starten i 2010. Bergen og Nordhordland fekk då ein redusert kontingent i høve til kommunane nord for oss. Standarden er at den økonomiske støtta er sett til er kr. 10 000 + kr 1,- pr. innbyggjar som kommunane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

betaler i dag. Nordhordland har betalt ein redusert sum i tråd med avtale, men Kystvegen ber Regionrådet om å vurdere eit noko høgare beløp. Dei har rekna ut at om ein skulle halde seg til standarden, ville det for Nordhordland sin del blitt ein sum på vel 40 000.

Kyststamvegen er ein ytre veg – og vil vera eit alternativ til E39. Me er ikkje inne som fullverdige medlem, men Hallvard påpeika at dette likevel er eit viktig prosjekt – gjerne spesielt Gulen og Masfjorden - fylkesvei 57. Gulen betalar kontingent frå før.

Vedtak:

Det vart gjort vedtak om å imøtekoma søkjar om noko høgare kontingent enn tidlegare. Kystvegen vert støtta med kr. 20 000,-

▪ **Status, «Agenda Nordhordland»**

▪ **Beredskap / IUA**

Det er årsmøte i IUA Bergen og omland 14. mai. Årsmøtet skal velja beredskapsstyre og har bedt om ein representant frå Regionrådet i Nordhordland.

Vedtak:

Per Lerøy vart vår representant til styret i IUA.

▪ **Helseprosjektet**

Det var kome opp ynskje frå tillitsvalte om å vera tettare med i arbeidet, og at det vert samordna på regionnivå. Dei tillitsvalte engasjerer seg i helsehusprosjektet. Astrid påpeika at dei tillitsvalte er med på overordna nivå allereie. Styret tek dette til etterretning.

▪ **Kraft / konsesjonsmidler**

Ordføraren i Masfjorden tok opp problemstillinga med tilbakeføring av konsesjonskraft frå Nordhordland og Masfjordbru. Sak vert sett opp som eiga saka i seinare møte, og ein ber Masfjorden kommune og dagleg leiar samarbeida om å belysa utfordringane kring konsesjonskraft i Nordhordland.

Sak 29/12

Orientering ved Kriminalomsorgen Region Vest. Tiltakskoordinator Kjetil Schreiner Evjen og tilbakeføringskoordinator, Hordaland Friomsorgskontor Asle Tonstad

Kriminalomsorgen ynskjer å etablere betre strukturar og tettare samarbeid med kommunane. Samarbeidet fungerer godt med mange kommunar i dag også, men ein ynskjer at dette vert utvikla vidare samt at ein får etablert formelt samarbeid. Det er enklast å påverka når folk er innsette, og då er det viktig med eit endå tettare og betre samarbeid med etatar utanfor gjerdet slik at ein får til betre samla oppfølging når dei innsette kjem tilbake til samfunnet.

Evjen delte ut forslag til samarbeidsavtale med brosjyre, og bad kommunane sjå nærmare på denne. Dei ynskte ein fast kontaktperson i kommunen, i dag varierer dette noko. Ein jobbar også med utvikling av elektronisk samhandling.

Rådet prisa initiativ til Kriminalomsorgen, og Nils Marton påpeika at dette er ein vinn-vinn situasjon for alle partar. Jon bad om Kriminalomsorgen sjå nærare på kva kommunane kunne jobba felles om, og kva dei bør ta kvar for seg. Kan t.d. samarbeidsavtalen vera felles. Evjen skulle sjå nærare på dette.

Knarvik 18. april 2012

Jon Askeland
Leiar i Regionrådet i Nordhordland

Rune Heradstveit (referent)
Dagleg leiar NUI